



# NORSK REVMATIKERFORBUND

## Sogn og Fjordane fylkeslag

### VEDTEKTER FOR REHABILITERINGSFONDET - GODKJENT PÅ NRF SOGN OG FJORDANE SITT ÅRSMØTE I 2018, REVIDERT 2024

#### 1 FORMÅL

**1.1** Rehabiliteringsfondet skal nyttast til å gje økonomisk stønad til medlemmer i NRF Sogn og Fjordane, med bustadadresse i fylket, og som deltek i rehabiliteringsopplegg og betalar reise og opphald sjølve.

#### 2 GRUNNKAPITAL

**2.1** Rehabiliteringsfondet har ein grunnkapital på kr. 1.500 000,- av fylkeslaget sine midlar. Dette beløpet skal stå sperra i bank, der berre avkastninga skal brukast til formålet.

**2.2** Gåver, tilskot, eller andre midlar til formålet kan brukast direkte eller tilførast grunnkapitalen etter vedtak, godkjent i årsmøte.

#### 3 STØNAD TIL MEDLEMMER

**3.1** Tilskot til den einskilde søkjar er kr. 250,- pr. dag ved opphald på alle behandlingsstader som er godkjent av HELFO

**3.2** Det kan ytast tilskot i inntil 14 dagar pr. år.

**3.3** Stønad gjeld ikkje for statlege behandlingsreiser eller for andre former for rehabilitering der medlemmer berre betalar eigenandel som går inn under eigenandelstak 2.

**3.4** Personleg informasjon skal handsamast konfidensielt.

#### 4 VILKÅR FOR STØNAD TIL MEDLEMMER

**4.1** Søkjar skal ha betalt medlemsskap dei 2 siste åra, og medlemsnummer må vere oppgitt i søknaden.

**4.2** Søkjarane som har fått stønad dei 2 siste åra, må avstå frå stønad det tredje året.

**4.3** Tilskot kan berre ytast til rehabiliteringsopplegg ved behandlingsstad som er autorisert og som har autorisert personell i gjeldande land.

**4.4** Det må søkast om tilskot på førehand, og søknadsfristane er 15. mars og 15. september.

**4.5** Tilskotet vert utbetalt til søkjar når behandlinga er gjennomført og dokumentert med stadfesting frå behandlande institusjon, og med kvitteringar for betalte utgifter til reise og opphald. Frist for innsending av dokumentasjon er ein -1- måned etter fullført opphald.

**4.6** Dersom søkjaren er under 15 år, og det gjeld opphald i utlandet, kan det gjevast tilsvarande støtte til ein fylgjeperson. Søkjaren må vere medlem i BURG og fylgjeperson må vere medlem i NRF.

**4.7** Dersom søkjaren treng assistanse, kan det gjevast tilsvarande støtte til fylgjeperson. Assistanse må dokumenterast av lege og fylgjeperson må vere medlem i NRF.

**4.8** Søknadsskjema, sjå i Giktspretten, eller kontakt fylkessekretær.

## **5 FONDSSTYRET**

**5.1** Årsmøtet veljar leiar og eitt medlem til Fondsstyret som gjeld for 2 år om gongen for den einskilde, men slik at 1 medlem er på val kvart årsmøte.

**5.2** Fylkesstyret vel det 3. medlemmet i sitt konstituerande styremøte etter årsmøtet. Dette medlemmet vert valt for 1 år om gongen.

**5.3** Fondsstyret skal ha tilsyn med drifta av fondet og rapportere verksemda gjennom fylkesstyret til årsmøtet.

**5.4** Fondsstyret gjev innstilling gjennom fylkesstyret til årsmøtet om disponering av fondskapitalen.

**5.5** Ved eventuelle tvistar har fylkesstyret den øvste myndigheit.

## **6 DRIFTSKOSTNADER**

**6.1** Kostnadene ved drift av fondet skal belastas fylkesstyret etter avtale.

## **7 ENDRINGAR**

**7.1** Alle endringar av vedtektene for rehabiliteringsfondet skal godkjennast av fylkesårsmøtet. Endringar av vedtektene er gjeldande f.o.m. dagen etter vedtak i fylkesårsmøtet.